

Referat frå møte i regionalt brukarutval i Helse Vest i Førde 30.04.14

Til stades. Njål Idsø, Claus Ingebrigsten, Svein Nord Kristiansen, Grete Knudsen, Steinar Andersen, Harald Lindvik, Dagfinn Vik. Representantar frå brukarutvalet i Helse Førde.

Velkomst og innleiing

Ved Kari Furevik. Helse Førde.

Presentasjonsrunde

Aktivitetane i brukarutvalet i Sogn og Fjordane og erfaringar med felles brukarutval

Leiar av brukarutvalet i Helse Førde Gerd Bjørkedal informerte om ein imponerende aktivitet i brukarutvalet i Helse Førde i 2013. Årsrapport frå brukarutvalet vil bli lagt ut på nettet.

Informasjon om «Telemedisin Sogn og Fjordane»

Prosjektleiar Anne Margrethe Øvsthus orienterte om telemedisin i Sogn og Fjordane, som er eit eit samhandlingsprosjekt mellom Helse Førde og alle kommunane i Sogn og Fjordane.

Samhandlingsreforma har mellom anna som mål at helse- og omsorgssektoren skal ta i bruk teknologi for å fremje nye samhandlingsmåtar og nye måtar å levere helse- og omsorgstenester på.

Telemedisinske løysingar kan legge til rette for at helse- og omsorgstenester i større grad kan ytast lokalt, nærare der folk bur. Dette kan bidra til at det er praktisk mogleg å gjennomføre kompetanseoverføring og kompetanseheving for aktuelle personellgrupper. Dette vil i sin tur bidra til kvalitet i tenestene og grunnlag for nye tilbod.

Pasientflyt og behandling skal betrast ved at telemedisin understøttar diagnostisering, behandling og oppfølging uavhengig av geografiske forhold, og ved at telemedisin legg til rette for kompetanseoverføring og rettleiing. Pasientane skal få betre tilbod av helsetenester lokalt i kommunal regi framfor på sjukehus dersom telemedisinske løysingar kan gjere dette fagleg godt og trygt.

Nytt prehospitall bygg ved Førde sentralsjukehus

Prosjektleiar Oddbjørn Schei orienterte om det nye preshospitale bygget som snart er ferdig ved sentralsjukehuset i Førde. Dette blir eit bygg som mellom anna rommer AMK, ambulansesentral, Norsk luftambulans og helikopterlandingsplass.

Møte i regionalt brukarutval

Sak 28/14 Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte

Innkalling og referat blei godkjent.

Sak 29/14 Retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Vest

Retningslinjene blei vedtekne slik dei var foreslått til styret i Helse Vest. Styret bad administrasjonen i Helse Vest om å avklare spørsmålet om møte og talerett med Helse – og omsorgsdepartementet, særleg med tanke på å få dette likt i alle helseregioanen, og med tanke på korleis handtere spørsmål som saker unntatt offentlighet og evaluering av styret og administrerande direktør. I styresak på styremøte 9. mai prolungerer styret i Helse Vest brukarutvalet si virketid til ut 2015. Styret i Helse Vest

Sak 30/14 Orientering om hjerneslagskampanjen, Program for pasienttryggleik i Helse Vest

Synnøve orienterte om ein informasjonskampanje som skal gå i tre veker fra 5 mai i regi av Program for pasienttryggleik i Helse Vest. Målet er at befolkinga skal lære seg dei tre viktigaste kjenneteinkna på hjerneslag, og at ein ved mistanke skal ringe 113. Ein har bevisst gått bort fra bruk av ulike forkortingar eller akronym, for å unngå omvegen dei representerer og fokus på kve bokstavane eigentleg står for.

Sak 31/14 Brev og invitasjonar

1. Invitasjon til deltaking i regionalt prosjekt om barnehabilitering
 - Solfrid Lillebø og Else-Berit Ingvaldsen deltek i dette frå RBU.
2. Møte med HOD om nasjonal helse og sjukehusplan
 - Steinar Andersen og Harald Lindvik stiller på møtet
3. Ein innbygger – ein journal
 - Claus Ingebrigtsen og Svein Nord Kristiansen stiller på møte med Helse Vest IKT, helst i Bergen

Sak 32/14 Deltaking i arbeidsgrupper og oppdatering av oversikt

Solfrid Lillebø orienterte om vidareføring av forskingsnettverket for psykisk helse
Njål Idsø orienterte om ekstraordinært styringsgruppemøte 27.4 i Alle møter, for å godkjenne lansering av Vestlandspasienten i heile Helse Vest.
Dagfinn Vik orienterte om prosjektet mekanisk ventilerings.
Claus Ingebrigtsen orienterte om at korridopasientprosjektet er avslutta.

Sak 33/14 Eventuelt

Steinar Andersen tok opp at det er eit problem at Pasientreiser nyttar tekniske/elektroniske løysingar som ikkje alle klarer å nytte seg av.

5.5.14 SS